

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	17.11.2020	136/20

Lokal forskrift for renovasjon i Øygarden kommune

Samandrag:

ØyVAR har utarbeidd framlegg til lokal forskrift for renovasjon. Gjennom forskrifta delegerer kommunen ansvar for innsamling av hushaldsavfall til ØyVAR. Forskrifta definerer pliktar for ØyVAR, abonnentar og gjev reglar for gebyr. Framlegg til gebyrsatsar vert teke inn i budsjettsaka for 2021. Vedtak av forskrifta inneber oppheving av dei lokale forskriftene i gamle Øygarden, Fjell og Sund.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Renovasjonsforskrift for Øygarden kommune
Lokal forskrift for renovasjon

Innstilling til vedtak:

Øygarden formannskap vedtek å legge framlegg til *Lokal forskrift for renovasjon i Øygarden kommune* ut på høyring i 3 veker, med heimel i forurensningsloven § 30 jf. forvaltningsloven § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og formål

Forurensningsloven fastslår at det er kommunen som har ansvar for innsamling av hushaldsavfall. Lova opnar opp for at kommunen kan fastsette lokal forskrift for renovasjon, m.a. for å sikre hensiktsmessig transport og innsamling. Kva som kan verte fastsett i lokal forskrift følgjer av lovas § 30 andre og tredje ledd:

«Kommunen kan gi forskrifter om at den kommunale innsamling bare skal gjelde i tettbygd strøk, at visse slag husholdningsavfall skal holdes utenfor den kommunale innsamling, og at visse slag avfall skal holdes adskilt. Kommunen kan etter søknad unnta bestemte eiendommer fra den kommunale innsamling.

Kommunen kan gi forskrifter som er nødvendig for å få til en hensiktsmessig og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av husholdningsavfall. Uten kommunens samtykke må ingen samle inn husholdningsavfall. Forurensningsmyndigheten kan i særlige tilfeller ved forskrift eller enkeltvedtak bestemme at kommunens samtykke ikke er nødvendig».

Føremålet med den lokale forskrifta er «.. å sikre miljømessig, samfunnsøkonomisk og helsemessig forsvarleg handtering av hushaldsavfall i Øygarden kommune.», jf. § 1-1. Det er ei målsetning at kommunale og nasjonale mål og planar skal verte nådd ved bruk av forskrifta.

Verkeområde

Den lokale forskrifta vil vere gjeldande for alle bustadar og fritidsbustadar i kommunen, herunder mobile einingar som er fast plassert. Den gjeld òg for kvar del som er seksjonert i eit bygg. Næringsavfall er ikkje del av forskrifta, jf. § 1-2.

Delegasjon

Kommuneloven § 5-4 gjev kommunen heimel til å delegere mynde til å fatte vedtak i saker knytt til lovpålagte oppgåver til andre rettssubjekt. Etter forurensningsloven § 83 andre ledd kan kommunen «Når særlige hensyn taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper».

ØyVAR vert gjennom forskrifta delegert ansvar for (for utfyllande ansvar, sjå framlegg til forskrift):

- Innsamling av hushaldsavfall på vegne av Øygarden kommune.
- Selskapet skal syte for at renovasjonsordninga og fastsetting av rutinar er i samsvar med forskrifta.
- Informere abonnentar om organsiering, ansvar, mynde og anna informasjon som er viktig å formidle ut.
- Avfall som fell utanfor ordninga kan verte tilbydd som tilleggsteneste mot gebyr.

Abonment sine pliktar

I forskrifta vert abonnent definert som «Tinglyst eigar eller langsiktig festar av grunneigedom med bygg eller bueining som er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga.». Etter § 2-3 plikter abonnent å:

- Bruke kommunen sine tenester for oppsamling, innsamling og levering av hushaldsavfall i samsvar med forskrifta.
- Kjeldesortere etter tilvising.
- Elektronisk avfall, farleg avfall og større einingar skal verte levert på gjenvinningsstasjon.
- Forbod mot brenning, legge frå seg eller grave ned hushaldsavfall.
- Plikt til å betale for tenestene.

Økonomiske konsekvensar:

Oppsummering av § 3 i framlegg til lokal forskrift om gebyr:

- Avfallsgebyr vert fastsett årleg.
- Abonnementstype og satsar vert fastsett i eige gebyrregulativ.
- Gebyra skal dekke total kostnad ved tenestene.
- Krav til abonnement for bustad og fritidsbustad.

Sak om forskrifta og gebyr for renovasjonstenestene i kommunen var til behandling i gebyrutvalet 22.09.2020. Utvalet fatta følgjande vedtak:

«Gebyrutvalet sluttar seg til framlegget til lokal forskrift for renovasjon i Øygarden kommune. Det er ein føresetnad at klagebehandling vert organisert i tråd med dei prinsipp som gjeld for klagebehandling knytt til vedtak gjort av kommunale organ.».

Framlegg til gebyrsatsar vert lagt fram i budsjettsaka.

Vurdering:

I framlegg til lokal forskrift er det lagt vekt på at innsamling skal skje på ein måte som er gjev minst belastning på området rundt i form av trafikk, utslepp og støy. Vidare at arbeidsmiljøet til dei som arbeider med renovasjon skal verte ivareteke. Maksimal avstand til oppsamlingseining, fri for hindring, sikring mot forulemping frå husdyr og snørydda atkomst er ledd i dette.

Bruken av sjølve oppsamlingseiningane følgjer av § 2-8. Paragrafen gjev forbod mot å kaste mellom anna risikoavfall og sjølvantenneleg avfall.

Det vert lagt opp til kjeldesortering i form av bringeordning. Dette inneber at returpunkt og andre oppsamlingseiningar vert plassert på utvalgte områder i kommunen.

Fritak og klage

Forskrifta opnar opp for at det kan verte søkt om fritak frå ordninga. Enkeltvedtak med heimel i forskrifta kan verte påklaga og vil verte behandla av kommunen.

Høyring

Ved endring, oppheving og utferding av forskrifter skal den verte lagt ut på høyring, jf. forvaltningsloven § 37. Kommunedirektøren rår til at høyringsfrist i saka vert sett til 3 veker.

Behandling i Formannskapet (FS) 17.11.2020:

Ingen tok ordet i saka.

Votering:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet (FS) - 17.11.2020 - 136/20

Øygarden formannskap vedtek å legge framlegg til *Lokal forskrift for renovasjon i Øygarden kommune* ut på høyring i 3 veker, med heimel i forurensningsloven § 30 jf. forvaltningsloven § 37.